

REGLEMENT FOR RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal som regionalpolitisk pådrivar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkutforming for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland.

1. Samansetjing

Rådet har 7 medlemer oppnemnde av fylkestinget.

3 medlemer bør veljast mellom medlemene i kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet med ein frå kvart utval.

4 medlemer vert valde etter forslag frå organisasjonane som representerer menneske med nedsett funksjonsevne.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

a. *Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan innan sitt arbeidsområde:*

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til regionale planar med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- gi råd i alle saker som gjeld levekår for menneske med nedsett funksjonsevne knytt til fylkeskommunal verksemd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar.

Årsmelding frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli.

b. *Saker der Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har avgjerdsmynde:*

- Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

c. *Saker der Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev tilråding:*

- Saker til fylkeskommunal verksemd med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne.

d. Fråsegner

- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan på vegner av rådet gje sjølvstendige fråsegner innan sitt arbeidsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

3. Arbeidsform

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har oppnemnd eit arbeidsutval som består av leiar og nestleiar. Rådet og arbeidsutvalet har seks ordinære møter kvar i året.

4. Sakshandsaming

For Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.